



## Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune	74/2014	26.05.2014
Kommunestyret i Fræna	18/2014	16.06.2014

### Områdeplan for Korsmyra - krav frå Riksantikvaren - ny plangodkjenning

#### Saksdokument:


Planforslag, datert 27.05.11, sist endra 20.05.14

Tegnforklaring, datert 27.05.11, sist endra 20.05.14

Føresegner, datert 27.05.11, sist endra 20.05.14

Brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune/Riksantikvaren, datert 11.04.14

Overordna plan (Kommuneplanen frå 2003)



## Planforslaget: Områdeplan for Korsmyra frå 2014



### Saksopplysningar

I samband med godkjenningsprosessen for områdeplanen for Korsmyra i Bud har kommunen bede Møre og Romsdal fylkeskommune søke om dispensasjon frå kulturminneloven § 8. jf. brev til Riksantikvaren datert 5.3.2014.

I brev av 10.04.14 har Riksantikvaren gjeve løyve til dispensasjon under føresetnad av at det først vert gjennomført ei arkeologisk gransking av to av dei tre kulturminna som vert råka, før tiltak etter planen vert realisert, jf. vedlagt kart stempla Riksantikvaren og datert 10.4.14.

Vedtak om omfang av den arkeologiske undersøkinga, med endelege kostnader og avgrensing av granskingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedtatt. Riksantikvaren gjer merksam på at arkeologiske undersøkingar normalt berre lar seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavar i sin vidare planlegging må ta omsyn til dette. Tiltakshavar må varsle Møre og Romsdal fylke i god tid før ein ønskjer å realisere tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter fatte vedtak om omfang av den arkeologiske undersøkinga. Dette vedtaket vil kunne påklagast i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

Før Møre og Romsdal fylkeskommune kan godkjenne områdereguleringsplanen for Korsmyra, må følgjande tekst takast inn i reguleringsplanen sine fellesføresegner:

*"Før iverksetjing av tiltak i medhald av reguleringsplanen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna id 147661 og 170795 som er merka som område for føresegn #1 og #2 i plankartet.*

*Det automatisk freda kulturminnet id 147662, som er merka S0171 område for føresegn #3, kan bli fjerna utan vilkår.*

*Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske undersøkinga kan fastsetjast."*

Riksantikvaren gjer merksam på at id 147661 og 170795 er merka i plankartet som område for føresegn og gitt nr. #1 og #2, men at **Id 147662** også må merkast som område for føresegn og gis nr #3.

Riksantikvaren har ein merknad om kartfesting av lokaliteten id 147661 som det er gjeve dispensasjon for, og id 170796 som ligger inne med fortsatt vern. Dei to lokalitetane ligg tett inntil kvarandre og kan i realiteten representere same buplassen. «Vernesonene» kryssar kvarandre, men så lenge ein respekterer vernet av den lokaliteten som fortsatt skal ligge bevart slik det er vist på plankartet, bør ikkje dette vere eit problem sjølv om det kan vise seg at ein liten flik av id 147661 eller vernesonen til denne skulle kome innanfor vernesonen til id 170796.

Planmyndet har innarbeidd krava frå Riksantikvaren i planføresegnene § 3.6.2 og har endra plandokumentet slik at det følgjer dei krav som Riksantikvaren har stillt.



## Vurdering

Riksantikvaren har motsegnsmynde i planarbeidet og planen kan ikkje godkjennast utan at ein har imøtekomme kravet eller avklart motsegna på anna måte. Planmyndet har imøtekomme kravet frå Riksantikvaren slik dette er målbore i brevet frå fylkeskommunen.

Det vert vurdert slik at planen ikkje må ut til nytt offentleg ettersyn då endringane er små og er i 1. punkt lagt inn for å sikre at det ikkje vert sett i gang tiltak før dei arkeologiske frigravingane er gjennomførte.

Ein syner til sak som var oppe på møte i det faste utvalet for plansaker 5. mai 2014 der utvalet ba Riksantikvaren om å gjennomføre frigraving av id 147661 og id 170795.

## Rådmannens tilråding:

Med heimel i plan- og bygningsloven (plandelen) av 27. juni 2008, § 12-12 vert forslag til områderegulering for Korsmyra, datert 27.05.2011, sist endra 20.05.2014 med tilhøyrande føresegner datert 27.05.2011 og sist endra 20.05.2014, godkjent.

## Behandling i Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune - 26.05.2014

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

## Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningsloven (plandelen) av 27. juni 2008, § 12-12 vert forslag til områderegulering for Korsmyra, datert 27.05.2011, sist endra 20.05.2014 med tilhøyrande føresegner datert 27.05.2011 og sist endra 20.05.2014, godkjent.

## Behandling i Kommunestyret i Fræna - 16.06.2014

Plan og økonomiutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

## Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningsloven (plandelen) av 27. juni 2008, § 12-12 vert forslag til områderegulering for Korsmyra, datert 27.05.2011, sist endra 20.05.2014 med tilhøyrande føresegner datert 27.05.2011 og sist endra 20.05.2014, godkjent.